



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av Setjestatsforvaltar - Alver - 124/29 - Kjeilegavlen - oppføring av hytte - dispensasjon

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 02.02.2022. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå arealformål LNF i kommunedelplanen og frå byggje og deleforbodet i 100-metersbeltet langs sjø for oppføring av fritidsbustad.

Kommunen gav avslag på søknad om dispensasjon i administrativt vedtak, saknr. 541/21, datert 05.05.2021.

Vedtaket vart klaga på av tiltakshavar i brev sendt 24.05.2021.

Utval for areal, plan og miljø gav i møte 13.10.2021, APM-vedtak 143/21, dispensasjon for oppføring av fritidsbustad.

Vedtaket vart klaga på av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 19.11.2021.

Det vart gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42 i brev datert 14.01.2022.

Utval for areal, plan og miljø handsama klaga i møte den 19.01.2022, i sak 010/22, og klaga vart ikkje teken til følgje. Areal, Plan og Miljø opprettheld vedtak datert 13.10.2021, der det vart gitt dispensasjon frå LNF-formålet i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad samt byggeforbodet i 100-meters beltet mot sjø, jf. pbl. § 1-8, for oppføring av hytte med tilkomstveg – gnr. 124 bnr. 29 Kjeilegavlen, med tillegg av følgjande vilkår:

«• Tiltaket skal utføres i jordnære farger.

• Tak skal utføres i materiell som torvtak eller lignende.»

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at dei nye vilkåra endrar vår vurdering av saka.

Vi ber om oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klagesak.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning.



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Oddgun Keilegavlen Grane	Neset 9	6985	Atløy
KALAND TRELAST AS	Keilevegen 45	5953	FONNES